

Vedlegg 12:

Refleksjonsnotat – Eirik Tørud Håland

Gjennom arbeide med denne bachelor oppgåva har eg lært mykje nytt, eg har lært arbeidsprosessen som må til for å skriva ein bachelor og eg har lært mykje interessant om bygg og anleggsbransjen. Eg har skreve denne oppgåva ilag med Henrik Bakke, me har hatt eit godt samarbeid gjennom heile prosessen, og har jobba veldig godt ilag.

Me spelte på kvarandre sine styrkar og svakheita. Var det noko Henrik ikkje var så flink på tok eg det, og dett same gjaldt andre vegen. Eg tok ansvaret for teoridelen, strukturen, kjeldeføring og rettskrivinga i oppgåva. Det passa bra med arbeidsfordelinga da Henrik tok ansvar for intervju og spørjeundersøkinga. Sjølv om me hadde ansvar for kvar vår del, jobba me saman på alt.

Arbeidsinnsatsen min har vert bra gjennom heile arbeidsprosessen med oppgåva. Eg har vert motivert til å gjera da som må til for å få eit godt resultat, og det meiner eg me har fått til. Me har kanskje ikkje vert den mest strukturerte gruppa med tanke på faste arbeidstimar og møter, men me har satt oss delmål i gjennom prosessen og følggt dei. Eg synest det har fungert veldig bra.

Alt i alt har eg lært veldig mykje og det har vert kjekt å jobba med oppgåva saman med Henrik. Ser eg tilbake på det me har gjort er det veldig lite eg ville ha endra på. Me har jobba jamt og trutt heile vegen, det har resultert i ei god oppgåve etter min meining.